



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/960 - 17/11619

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
09.06.2017

Godkjenning - GBNR 37/32 - Løyve til plassering av vassleidning, samt tilkopling - Ådland

Administrativt vedtak. Saknr: 160/2017

Tiltakshavar: Britt Eide og Tellef Moland
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-3, jf. 20-1.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til plassering av vassleidning over gbnr. 37/4 fram til 37/32.

Gbnr. 37/32 er matrikelregistrert med eit areal på om lag 1,06 daa, og Britt Irene Eide og Tellef Moland står registrert som heimelshavar. Eigedomen er bebygd med ein bustad.

Vi viser til søknad med vedlegg journalført 2.6.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidning er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidninga er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet.¹ Vi føreset i den samanheng at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til brannsikkerhet, lys og luft ikkje får betydning.

Privat rett til framføring og tilkopling av vassleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.»

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering, samt drift og vedlikehald, av vassleidning over gbnr. 37/4. Erklæringa skal tinglysast med hefte på begge eigedomane.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 2.6.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vassleidning som omsøkt på gbnr. 37/4 fram mot gbnr. 37/32. Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:

¹ Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.6.2015, referanse: 15/2054-3.

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen om dette.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva for vatn.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Mottakere:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ